

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV JANUAR 2006.

ÅRGANG 41

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00
Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Arve Rikard Røyset
Visepres.: Hans Gisle Holstad
Sekretær: Trygve Riise
Kasserer: Oddvar Haugen
Past pres.: Ingar Bigset
Styremedlem: Aage Nytun
Styremedlem: Johan Ole Brandal
Leiar ungdoms
utveksling: John Stennes
Ansv. Red.: Sverre Bjåstad
Referent: Odd Arne Holstad

Fødselsdager i januar:

Anders Riise	21.01
Vigdis Riise	14.01
Hans Gisle Holstad	07.01
Svein Egil Kleppe	05.01

100% frammøte jan. 2006:

Johan O Brandal	Johs. Hareide
Hans G Holstad	Odd-Arne Holstad
Jan Håvard Nytun	Åge Nytun
Vigdis Riise	Arve Røyset
Sanjanyan Selvamanickam	
Bjørn Teigene	Egil Utgård

Frammøteporsent: 74,2

Eldreomsorg

Det var på ein gard at dei framand venta
Og gamle besta fekk romet til jenta.
For gjestene dei fekk hennar stove,
Ho jenta ho laut på loftet sove.

Kjærasten hennar fekk alltid lov
Å kome inn når dei andre sov.
Han var so kjend der, han kjende jenta,
Han visste vel kor ho låg og venta.

So vel han visste kvar senga sto
Og jenta såg han, ho låg der ho.
So stilt på tå laut han inn seg fram liste,
At besta låg der han ikkje visste.

Han kviskra fram at no kjem eg snart
I senga hamna han i ein fart.
Om ei tid det lydde ned i klea der:
"Eg kan ikkje seie kor glad eg er.

Det minner meg so om ungdomens vår,
Det var det beste eg har kjent no
på tretti år.
Velsigne deg at du kom inn i huset.
Å, send meg staven min og hjelp meg
fram på kruset".

Sigurd Nesdal

Månadsbrev Hareid Rotaryklubb – januar 2006.

Referent Odd - Arne Holstad

Møte 2. januar

Presidenten innleia dette første møtet i 2006 med å ynskje alle eit godt nytt år. Etter den obligatoriske songen ga han ordet til Gunn Berit Gjerde som var invitert til å fortelje om livet på Løvebakken..

Gunn Berit fortalte korleis ho hadde opplevd dei fyrtre månadene som stortingsrepresentant. Gunn Berit, som representerte Venstre, tok plass på Stortinget som vararepresentant for Leif Helge Kongshaug som er alvorlig sjuk. Ho starta med å skildre den offisielle opninga av Stortinget i oktober som ho syntest var ei stor oppleveling. Den gjekk føre seg i tradisjonelle former med pomp og prakt. Ho hadde også invitert med deler av familien til opninga. Gunn Berit fortalte også om middagen på slottet for stortingsrepresentantane der kjolane til stortingskvinnene var det som opptok media mest..

Gunn Berit er plassert i Næringskomiteen der også Petter Løvik frå vårt fylke er med. Dessutan er ho også lagtingsrepresentant. Ho har så langt i sesjonen vore mest oppteken av fiskerispørsmål og ho har vore aktiv på talarstolen. Ho meinte at mange representantar gjer ein god jobb sjølv om dei ikkje er så ofte på talarlista i stortingssalen; men dersom ein ynskjer igjenval må ein profilere seg og det skjer via talarstolen i Stortingssalen. Elles hadde ho mykje godt å seie om både utanriksminister Jonas Gar Støre og den unge fiskeriministeren frå Finnmark, sjølv om ho ofte var usamd med henne i sak. Innlegget til Gunn Berit vart avslutta med spørsmål frå salen.

Møte 9. januar

Etter songen og presidenten si innleiing orienterte Halkjell Dahle om programmet for dei nærmeste møta, Elias Sellevoll tok deretter ordet og spurde om det var interesse for ein dansekveld på Hareid Hotell 21/1. Liste for påmelding vart sendt rundt.

Deretter orienterte Johann Ole Brandal kort om prosjektet for å hjelpe dei Tsunami-råka på Sri Lanka.

I Einar Holm sitt sjukefråvere var det Sverre Bjåstad som på kort varsel ”steppa inn” og hadde kveldens hovudprogram. Temaet var Personboka 2007, Utflytta frå Ulstein og Hareid som han no hadde starta arbeid med. Han har kome til at ca 5000 personar har flytta ut frå dei to kommunane. Dette gjeld personar som er fødde etter år 1900. Til slutt opplyste han om kva slags opplysningar han ynskte og korleis han kunne tenke seg å presentere desse i boka.

I tillegg presenterte han samling av rettingar for Personboka 2000 som han ga ut for 4 år sidan. Han oppmoda om tilbakemelding av feil som var funne.

Møte 16. januar

Etter innleiing og song minne presidenten om ”dansegallaen” på hotellet laurdag 21/1. Kveldens program var det Einar Arne Riise som stod for. Han fortalte om livet på den spanske solkysten generelt og om skipinga av ein lokal interskandinavisk rotaryklubb spesielt. Klubben vart starta i 2004 og ”pådrivar var ein svensk som heitte Sergy Anderson. Mange av medlemane var også ivrige golfspelarar. Møta starta gjerne kl 13-14 med god mat og drikke. Ansvaret for både program og servering gjekk på omgang mellom medlemane. Møta vart avslutta ca kl 1530. Einar Arne krydra innlegget sitt med historier om dei ulike medlemane. Klubben er tilslutta RI.

Deretter gjekk Einar Arne over til å snakke om ”det gode livet” på solkysten. Han bur i utkanten Marbella og nærmaste flyplassen er Malaga. Gunnar Riise bur i Nerja som ligg ca 12 mil frå Marbella. Regionen heiter Andalusia og hovudstaden er Sevilla. Både Malaga og

Sevilla spelar i premiera divisione i fotball; og når desse laga møtest til lokal-derby er temperaturen høg.. Før turismen tok til for 40-45 år sidan var det mykje svolt og armod i regionen. Men dei siste åra har det vore ei svært positiv utvikling i regionen; mykje takka overføringsar frå EU som i stor grad har finansiert infrastruktur som m.a. flotte motorvegar. Einar Arne fortalte at han og sambuaren går mykje i fjellet. Andalusia har flott natur og eit rikt fugle og dyreliv. Elles har dei mykje sosial omgang med dei andre skandinavane i området avslutta Einar Arne.

Møte 23. januar

Presidenten opplyste at det hadde vore ein hyggeleg dansekveld på hotellet laurdag 21 med god mat og fin dansemusikk 13 personar med rotarytilknyting var tilstades.

Hareid Idrettslag var invitert til å hald kveldens program. Leiar i laget, Vidar Vollseter, innleia med å opplyse om at laget no har ca 600 medlemmar, av desse ca 500 aktive. Fotball er den desidert største gruppa. Kunstgrasbane er no det viktigaste anleggsprosjektet i laget. Banekapasiteten har vore altfor liten lenge og dei aldersbestemte laga ikkje fått høve til å trenere på gras. Karl Fredrik Sandvik, leiar i ungdomsavdelinga (fotball) gjekk deretter gjennom korleis laget var organisert. Han opplyste at ungdomsavdelinga hadde ca 200 aktive fordelt på 17 lag i 2005. 40-50 leiarar var med i gruppa. Driftsbudsjettet er på ca kr 210.000,- Dette er svært lite i forhold til andre lag. Han opplyste at saknet av ei kunstgrasbane var stort. Den overordna målsettinga for gruppa er å gi eit best mogeleg tilbod til alle som ynskjer å spele fotball i eit godt og inkluderande miljø.

Hans Gisla Holstad gav deretter ein del supplerande opplysningar om kor store dei ulike gruppene var i laget. Han kom deretter inn på anlegssituasjonen og opplyste at det no var laga ballbingar i både Brandal, Bigset og ved Hareid skule. Ballbingane vert disponerte av skulane på dagtid og av idrettslaga om kvelden. Han vona at desse ballbingane ville motverke passivitet og aukande fedme blant ungane våre.

Deretter orienterte han om planane for kunstgrasbane som no har kome eit steg vidare. Bana er no planlagt vest for eksisterande grasbane. Totalkostnaden er rekna til ca 6,8 mill. Av dette er det budsjettert med ca 2,2 mill i spelemedlar Kommunen sin del er vedteke lånefinansiert. Dette prosjektet er no prioritert på topp av Idrettsrådet. Ein reknar med å få svar i april om kor høgt bana ”vår” står på prioritetslista når det gjeld tildeling av spelemedlar. Ei kunstgrasbane toler svært stor belastning og ein reknar med ei levetid på toppdekket på ca 15-20 år, avslutta Hans Gisle.

Møte 30. januar

Sjølv om dette siste møtet i månaden skulle vere programfritt, vart det denne kvelden teke opp 4 nye medlemmar i klubben. Det var Aud Grimstad, Kirsti Øvreliid Hareide, Liv Hilde Holstad Jøsok og Jarle Kristensen. Seremonimeister Elias Sellevoll kalla først fram fadrane Trygve Riise, Hans Gisla Holstad og Ingar Bigset. Etter ei kort innføring i Rotary si historie og viktigaste målsettingar festa fadrane rotaryknappen på dei nye medlemane. Presidenten ynskte deretter dei 4 velkomne som medlemmar i klubben vår.

Til slutt orienterte assisterande guvernør John Stennes om Rotary-rørsla og korleis Rotary Internasjonal og Rotary i Noreg er organisert. Kvelden vart avslutta med kaffi og god prat rundt borda..

Opptak av nye medlemmar på møte 30. mars 2006



Frå venstre:

Presidenten Arve Røyset, Kirsti Øvreliid, Jarle Kristensen, Aud Grimstad,
seremonimeister Elias Sellevoll, Liv Hilde Holstad